

Samarbeid med kommunen om dei nye dusjane?

04.05.2010



Styreiar Bjørn Olav Tveit - til venstre ved klatreveggen - meiner at ein bør ruste opp dei nye garderobane slik at dei tåler daglig bruk.  
(Foto: Thor Inge Døssland)

**Styret i Uskedalen Aktivitetshus ved styreiar Bjørn OlavTveit foreslår at UA og kommunen gjennom eit samarbeid gjer dei nye dusjene istrand til å tåla dagleg bruk.**

**Det gjer dei ikkje i dag.**

Ein kan då late vere å pusse opp dei gamle garderobane og heller bruke pengane på dei nye.

Hvis skulen skal halda fram med å bruka dei gamle garderobane må dei pussast opp og det vil kosta 70.000 kroner for begge.

Hvis denne løysinga blir vald, vil dei nye og tidsriktige dusjane verta nytta som lager medan dei gamle vert påkosta for å tåla daglig bruk. UA meiner at desse pengene bør nyttast på ein betre måte.

Styret går inn for at kommunen skal finansiera opprustinga medan UA bidreg med dognadsarbeid.

I det nye forslaget til driftsavtale heiter det at UA skal kunne tai bruk to sett med garderobar hvis det er trøng for det. Den gamle anlegget kan såleis i det daglege nyttast om lager men må kunne ryddast og fungere som garderobe i situasjonar der dette er naudsynt.

I søknaden til kommunen blir det opplyst at dei gamle garderobane, som inntil nyleg har vore nytta av skulen i gymtimane, framstår som mørke og slitne. Skulen og foreldra har sett fram til å kunne ta dei nye i bruk.

Om dei nye garderobane blir det opplyst at det vart gjort fleire feilvurderingar med omsyn til val av materiale. Økonomien i UA var svært dårleg og ein såg seg nøydd til å velje dei billige og kortsiktige løysingane heller enn dei optimale og langsiktige.

Av Ola Matti Mathisen